



Jeanette G. Guddal er nummer fire på den endelege Høgrelista. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det som har skjedd i Høgre i vår har styrkt Uskedalens representasjon på lista til partiet.

Ikkje berre er partileiar Gunn Mari Moberg på kumulert andre plass, no har Jeanette G. Guddal gått inn på fjerdeplassen. Ho er nyvalgt leiar i Uskedalen Utvikling.

Dei andre frå Uskedalen på den endelege lista er Tor V. Sæle som nummer 10, Steinar Kroka som nummer 17, Bente Nilsen som nummer 20 og Knut A.S. Eidsvik som nummer 24. Riktignok er Bente Nilsen busett i Herøysund, men ho er nærast for uskedaling å rekna.